

## Referat soknerådsmøte 16.januar 2025

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag  
16.01.2025  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for**  
**dagen:** Olav J. Oma

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar x
Anne Marie Røed	Nestleiar x
Tom Rydland	Medlem x
Anne Kristin Skår	Medlem Meldt forfall
Håkon Rydland Sæbø	Medlem x
Mette Elisabeth Lambach	Medlem x
Lilli Anne Drønen Jæger	Medlem Meldt forfall
Kari Raunholm	Medlem x
Olav J. Oma	Sokneprest x
Gisle Levåg	kommunal representant x
Wenche Andersen Helland	1. vara Meldt forfall
Kopi til varamedlemer	

Henrik Træet og Karin Korsvik møtte som varamedlemmer

### Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2025/01	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2025/02	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	
2025/03		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	
2025/04		Nemnder og utval i kyrkjelyden	
2025/05		«Salmekveld på pub», drøftingssak	
2025/06		Arbeidsgruppe for strategiarbeid	

<b>2025/07</b>	Gjevarteneste for trusopplæring	X
<b>2025/08</b>	Detaljbudsjett for 2025	X
<b>2025/09</b>	Nye lokale vedtektena for gravplassen	X
<b>2025/10</b>	Meldingar	X
<b>2025/11</b>	Open post	X

---

---

### **Vedlegg**

1. Detaljbudsjett for 2025
2. Gjeldande vedtekter for Fitjar kyrkjegard
3. Mal for forskrift om gravplassvedtekter
4. Mandat for styret i Tentreff
5. Innspel frå Håkon R. Sæbø (vert ettersendt )

### **Sak 2025/01\_012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

### **Sak 2025/02 012.1 Referat frå sist møte**

Ingen merknader til referatet.

#### **Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møte den 21.11.2024.

### **Sak 2025/03 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden**

Soknepresten legg fram ei kort orientering om det som har hendt i kyrkjelyden, planar framover og andre aktuelle tema som er komne til sidan sist møte.

- Det har vore ei travel jule- og nyttårshelg med mykje aktivitet. Ny kyrkjetenar er på plass. Kjekk ungdomsgudsteneste med mykje ungdomar. Kyrkja har høge besøkstal elles på alle gudstenester.
- Mange ungdomar som deltok på midnattsmesse nyttårsafta, det er heilt avgjerande for at det skal bli eit arrangement i kyrkja den kvelden.
- Harald Johan Sandvik er takka av som klokkar etter 42 års teneste. Nye unge krefter er allerede i gong.
- Sven Harald Nilsen er fast vikar fram til påske.
- Diakoninemnda har inspirasjonssamling 4. februar der prest Asbjørn Gundersen er med
- Det blir jobba med eit arrangement i kyrkja med ortodoks prest Theodor Svane

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2025/04 Nemnder og utval i kyrkjelyden**

Soknerådet har oppnemnt ei lang rekke nemnder og utval som skal arbeida med ulike oppgåver i kyrkjelyden. Dei som er medlemmar i nemndene er frivillige, soknerådsmedlemmer og tilsette. Det kan vera greitt om soknerådet i starten av kvart år ser på om nemndstrukturen er slik den bør vera, at oppgåvene vert varetekne, og at det til ei kvar tid er mange nok motiverte personar på plass i arbeidet.

For tida har kyrkjelyden desse nemndene/utvala/gruppene i arbeid:

- Babysong og småbarnstreff
- Diakoninemnda
- Fasteaksjonen
- Gudsteneste- og kyrkjemusikkutval
- Kappenemnd
- Klokkarar
- Kyrkjebladet
- Kyrkjekaffi
- Kyrkjetenarar
- Kyrkjevertar
- Misjonsnemnda
- Nattverdsmedhjelparar
- Temakveldgruppa
- Tentreff
- Trusopplæringsutval
- Arbeidsgruppe for uteareal

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka. Soknerådet tek orienteringa til vitande

#### **Sak 2025/05 «Salmekveld på pub», drøftingssak**

Håkon Rydland Sæbø har komme med innspel til soknerådet om å ha «Salmekveld på pub» i Fitjar. Det vert lagt opp til at soknerådet kan ha ei inndeiane drøfting på om dette er noko som bør arbeidast vidare med. Meir informasjon om kva eit slikt arrangement går ut på vil bli lagt fram i møte. Det er stemning i soknerådet for å gå vidare med desse planane. Det er ikkje framlegg til vedtak i saka.

**Vedtak:** Håkon Rydland Sæbø får fullmakt til å jobba vidare med å få i stand eit arrangement

#### **Sak 2025/06 Arbeidsgruppe for strategiarbeid**

På samlinga som soknerådet hadde saman med tilsette og frivillige på Fitjar vgs i haust, kom det fram gode idear og innspel som bør arbeidast vidare med. Rådet gjennomførte i førre periode eit arbeid som munna ut i eit strategidokument. For å følgja opp samlinga i haust og strategidokumentet bør rådet fastsetja ein prosess for det vidare arbeidet. I samband med denne prosessen kan det vera greitt å setja ned ei arbeidsgruppe som skal kan syta for god framdrift på arbeidet.

Dersom soknerådet vil etablira ei arbeidsgruppe kan det vera greitt om soknerådsmedlemmene har framlegg til kandidatar med til møtet.

Forslag til arbeidsgruppe er Olav J. Oma og Svein Lunde, pluss ein frivillig dei finn sjølv. Ein vil sjå på korleis ein kan få ein strategidokumentet implementert i kyrkja sitt arbeid gjennom handlingsplan . Dei ynskjer å jobba med verktøyet "Kyrkja vår", og sjå på korleis det kan brukast mest hensiktsmessig av oss for å oppnå det

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka.

**Vedtak:** Soknerådet gir fullmakt til at Olav J. Oma og Svein Lunde starter ei arbeidsgruppe

#### **Sak 2025/07 Fast gjevarteneste for trusopplæring**

Fitjar sokn har dei siste åra satsa sterkt på trusopplæring. Det har resultert i at stillinga som kyrkjelydspedagog har auka frå 50 % ,som den var tidlegare, til 90 % i dag. Trusopplæringa har for 2025 slikt budsjett:

Løn og sosiale kostnader	798.800
Kurs og etterutdanning	25.000
Andre kostnader	54.500
<b>Sum kostnader</b>	<b>878.300</b>
Tilskot frå bispedømet	350.000
Tilskot frå kommunen	230.000
Momskompensasjon	5.000
Bruk av fond for kyrkjelydsprest	80.000
Kollekt til trusopplæring	20.000
Tilskot og gåver frå andre	50.000
Bruk av ubundne disposisjonsfond	94.300
<b>Sum inntekter</b>	<b>829.300</b>

<b>Underskot</b>	<b>49.000</b>
------------------	---------------

Som det går fram av tabellen manglar det løpende inntekter for at arbeidet skal gå i økonomisk balanse. Soknerådet må difor finna ei løysing som kan sikra ei berekraftig finansiering av trusopplæringa. Bruk av fond for å finansiera dagleg drift er ikkje vegen å gå. Utanom tilskot frå bispedømet, kommunen og fondet for kyrkjelydsprest, må det kvart år skaffast minimum kr. 200.000 i inntekter for å halda drifta gåande på det nivået me har i dag.

Kvar månad får kyrkjelyden inn faste gåver frå trufaste gjevarar. Nokre av gjevarane har merka av kva gåva skal gå til, men det meste vert inntektsført på anna kyrkjeleg verksemد, der soknerådet avgjer kva midlande skal gå til. Fast gjevarteneste til trusopplæring kan vera ei løysing for å sikra stabil finansiering for åra som kjem. Dersom ei slik ordning skal etablerast må det gjerast eit godt stykke arbeid for å få engasjement rundt saka. Eit del av dette arbeidet må vera å sikra god informasjon om saka, og det må lagast brukarvenlege løysingar for dei som vil vera med og bidra.

#### **Vedtak:**

Soknerådet går inn for å etablera ei ordning med fast gjevarteneste til trusopplæringa i kyrkjelyden. For å komma i gong med arbeidet vert det sett ned ei gruppe som skal arbeida vidare med saka. Målet må vera å få etablert gjevartenesta i løpet av første halvår 2025. Harald Rydand og Mette Lambach frå soknerådeter valgt til medlemmer i gruppa. Dei får fullmakt til å spørja andre kandidatar som kan bidra.

Gruppa konstituerer seg sjølv.

Soknerådet ynskjer ei tilbakemelding med status på arbeidet i neste møte.

#### **Sak 2025/08 Detaljbudsjett for 2025**

Soknerådet hadde oppe sak om budsjett og økonomiplan på møtet i september. Då vart det vedteke å søkja kommunen om kr. 3.462.500 i tilskot for 2025. I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett var det sett av kr. 3.018.000 i tilskot til kyrkja. Kommunestyret hadde budsjettet oppe som sak på møtet den 18. desember. Det vart då vedteke å auka støtta til kyrkja med kr. 300.000 slik at tilskotssummen for 2025 enda på kr. 3.318.000.

Med dette utfallet mangla det kr. 144.500 i forhold til den opphavlege søkeradssummen frå kyrkja. I det endelege detaljbudsjettet er det føresleger å stryka kr. 100.000 som var sett av til delfinansiering av ei planlagt diakonistilling. Vidare vert det føresleger å redusera nokre av drifts- og vedlikehaldspostane for kyrkja med kr. 20.000, og for gravplassen med kr. 24.500. Med desse endringane er budsjettet i balanse for den delen som gjeld kommunal finansiering. Deler av anna kyrkjeleg verksemد er budsjettert med noko bruk av fond.

Meir informasjon er å finna i det vedlagte detaljbudsjettet.

#### **Vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til detaljbudsjettet for 2025 slik det no ligg føre.  
Soknerådet stadfestar og investeringsbudsjettet slik det vart vedteke i soknerådet i september 2024

### **Sak 2025/09 Nye lokale vedtekten for gravplassen**

Gjeldande vedtekter for Fitjar kyrkjegard er frå 2014. Desse har tent soknet på ein god måte, men etter ti år er det komme til nye tema som bør takast inn i vedtekten.

Eit tema som må med i nye vedtekter er å ha høve til stenging for gravlegging på felt der det er planar om t.d. ny drenering og masseutskifting. Slike omfattande arbeid kan ikkje gjennomførast før det er gått 20 år sidan siste gravlegging på fletet. På vår gravplass er dette aktuelt for fleire felt. Soknerådet kan gjera vedtak om å stenga einskildgraver eller heile felt, men det føreset at dei lokale vedtekten inneholder reglar for dette, noko som manglar i gjeldande vedtekter. Det kan og vera andre tema og nye formuleringar som er aktuelt å ta med i nye vedtekter.

Den nasjonale styringa av gravplassforvaltning er lagt til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. Dei har høg kompetanse og gjev gode råd om saker som gjeld lokal gravplassforvaltning. Etter at nye vedtekter er ferdig handsama lokalt, skal dei endeleg godkjennast av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Til orientering er gjeldande vedtekter og standard mal lagt ved innkallinga.

#### **Vedtak:**

Soknerådet ber kyrkjeverja laga framlegg til nye vedtekter for Fitjar kyrkjegard og ta dette med som sak på neste møte i soknerådet.

### **Sak 2024/10 Meldingar**

Under meldingar vil det verta orientert om desse sakene:

- a) Mandat til styret for Tentreff (soknepresten)
  - Soknerådet rosar arbeidet Tentreff gjer, og har ingen merknader til det
- b) Status for gravplassprosjektet (kyrkjeverja)
  - Nærmar seg avgjerd om kven som skal gjere jobben
- c) HMS i kyrkja og på kyrkjekontoret (soknepresten/kyrkjeverja)
  - Fått på plass verneombud (Randi), hatt branntilsyn. Prosten har ansvar for HMS for soknepresten, hjartestartar er i på plass kyrkja
- d) Nytt om personale (kyrkjeverja/soknepresten).
  - Elisabeth Oma skal ut i permisjon i april. Planen er at dei andre tilsette på kyrkjekontoret skal dela på dei oppgåvane ho gjer til ho er tilbake. Henrik Træet er ny som kyrkjetonar,

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til vitande.

**Sak 2024/11 Open post**

**Kyrkjelydstur til Helgatun**

Olav J. Oma orienterer om at ein treng fleire fok i komiteen for turen og vil gjerne ha med nokon frå soknerådet. Henrik Træet, Kari Raunholm og Anne Kristin Skår blir med i den komiteen. I tillegg har Marianne Aarbø sagt ja til å vera med

Barne- og familiminister Kjersti Toppe kjem til Fitjar mandag 20. Januar, og ynskjer å besøkja kyrkja vår. Olav og Svein skal møta henne

Arbeidsavtalen til kyrkjeverjen er no ferdigstilt, inkludert lønsforhandlingar

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka.